



Hans Egil Storheim

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/527 - 18/10431

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

29.06.2018

Svar på søknad om tilskot tursti

Radøy kommune har dei siste åra hatt ei satsing på turstiar og friluftsliv. Dette har me organisert på den måten at kommunen har laga retningslinjer for korleis turstiane skal tilretteleggjast og kjøpt inn material som lag og organisasjonar og einskildpersonar har kunna få til tilrettelegging av avtalte turstiar. Før midlar har vore delt ut har grunneigarløyve vore signert og me har nokre stader også hatt vedlikehaldsavtale med lokale lag og organisasjonar.

For å ha best mogleg kontroll der kommunen bidrar med tilrettelegging av turstiar, ynskjer me å få søknader om midlar på førehand. Då dette området Vetås-Grønfjellet-Peprane er eit område der kommunen har vore involvert i stor grad og me i tillegg er godt kjende med den innsatsen som frivillige har lagt ned i området, kan me for denne gongen vera med på å støtta tiltaket, trass i at søknaden er komen inn etter at arbeidet er gjort. Føresetnaden for støtta er at du sender inn kvitteringar som dokumenterer kostnader til tiltaket på minst kr 1000, og at det vert signert grunneigarløyve for det området der denne stien går. Etter det eg kjenner til, ligg ikkje desse føre.

Grunneigarløyve til utfylling ligg ved.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

malavatale

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Mottakarar:
Hans Egil Storheim